

Møtereferat

Dato: 25.11.2014

Emne:	Kontaktutvalet for Sotrasambandet - referat frå møte 6.11.2014	
Til stades:	Eli Berland (Fjell kommune), Otto Harketstad (Øygarden kommune), Kari - Anne Landro (Sund kommune), Anne Iren Fagerbakke (Bergen kommune), Ivar Ådlandsvik (Askøy kommune), Olav Finne (Statens vegvesen), Helge Sandvik (Statens vegvesen), Magnus Natås (Statens vegvesen), Thorbjørn Aarethun (HFK), Tom - Christer Nilsen (HFK), Håkon Rasmussen (HFK), Beate Bergsholm Lindgård (HFK), Bjørn Inge Midtgård (HFK).	
Forfall:	Henning Warloe (Bergen kommune)	Sak: 2014/1015-10
Møtetid:	12.00 – 13.50	Møtestad: Fylkeshuset, møterom 826

Møteleiar: Tom Christer Nilsen**Referent: Bjørn Inge Midtgård**

Møtereferat

Referatet frå møtet i Kontaktutvalet 17.6.2014 vart godkjent utan merknader.

OPS for Sotrasambandet – nye føresetnader for finansiering og gjennomføring

Helge Sandvik orienterte om OPS (sjå vedlegg til referatet). I forslag til statsbudsjett for 2015 står det at «*Prosjektet planlegges for gjennomføring som OPS-prosjekt*». Vidare står det at: «*En sentral forutsetning fra regjeringen vil være at beslutningen om å gjennomføre utbyggingene gjennom OPS ikke skal føre til at prosjektene blir åpnet for trafikk på et seinere tidspunkt enn ved tradisjonell prosjektgjennomføring.* »

OPS er hittil nytta i 3 vegprosjekt her i landet: E39 Klett - Bårdshaug (Sør-Trøndelag), E39 Lyngdal-Flekkefjord (Vest-Agder) og E18 Grimstad-Kristiansand (Aust-Agder og Vest-Agder). Ei OPS organisering skal ikkje ha noko å seia for prosessen med å fremja ein bompengesøknad. Bompengeselskapet skal i driftsfasen levera ein inntektsstraum frå bompengeneinnkrevinga til disposisjon for OPS selskapet. I utgangspunktet skal også planprosessane gå som vanleg. Statens vegvesen reknar med at meir informasjon vert gjeve i tildelingsbrevet til SVV etter vedtaket i Stortinget.

Planstatus

Magnus Natås orienterte om framdrifta og innhaldet i reguleringsplanen for Sotrasambandet (sjå vedlegg til referatet). Framdrifta for Sotrasambandet er avhengig av arbeidet med å leggja om høgspenntraseen og av framdrifta i planarbeidet. Arbeidet med å leggja om høgspenntraseen er ikkje ferdig før i 2017/2018. Forslaget til reguleringsplan skal leggjast fram innan 1. kvartal 2015. I 2. kvartal 2016 reknar SVV med at reguleringsplanen er endeleg vedteke.

I samband med presentasjonen av dei ulike delstrekningane, understreka Tom- Christer Nilsen at busstraséen mellom Arefjord og Valen må få like høg fartsgrense som på bilvegen.

Statens vegvesen har sendt ein fråvikssøknad til Vegdirektoratet for å kunna etablere midtstilte eller sidestilte kollektivfelt på vegen. Søknaden er enno ikkje ferdighandsama. Kollektivfeltløyisinga vil innnverka på kor terminalen ved Storavatnet kan plasserast.

Fylkesutvalet har tilrådd at ny Sotrabru vert dimensjonert for bybane. Statens vegvesen legg opp til å fremma plan utan tilrettelegging for bybane. Statens vegvesen meiner at det er usikkert og manglande plangrunnlag for å tilretteleggja for bybane. Framdrifta kan derfor bli forseinka med fleire månader, om det

skal tilretteleggjast for bybane. Tilleggskostnaden vil verta over 1,3 mrd. kroner. Tom - Christer Nilsen viste til at fylkesutvalet hadde sett som føresetnad at framdrifta i Sotrasamband-prosjektet vert oppretthalde, og at fylkesutvalet kanskje burde få saka opp på nytt.

Bompengeopplegget - prinsippnotat

Helge Hopen orienterte om føremålet og innhaldet i ei prinsippsak om delvis bompengefinansiering av Sotrasambandet. Føremålet med ei prinsippsak er å få prinsipiell tilsutnad til å nytta delvis bompengefinansiering og å arbeida vidare med ein formell bompengesøknad. Ei prinsippsak seier noko om antatte anleggskostnader, statleg finansiering / finansieringsmodell, innkrevjingsopplegg (etterskotsvis, parallell ?), plassering av bomstasjonar, kalkyle av trafikkgrunnlag (trafikkprognose) og førebelse anslag for takstnivå og rabattordningar.

Tom Christer Nilsen stilte spørsmål ved om ein treng ei prinsippsak. Alternativet til å fremja ei prinsippsak, er å venta med den lokalpolitiske handsaminga til bompengesøknaden er endeleg utarbeida og har vore til prekvalifisering i Vegdirektoratet.

Kommunane vart oppmoda om å senda over til fylkeskommunen det dei eventuelt måtte ha av prinsippavklarande vedtak om Sotrasambandet.

Vedlegg:

1. Presentasjon av OPS, v/Helge Sandvik
2. Orientering i Kontaktutvalet 6.11.2014, v/Magnus Natås
3. Prinsippsak Sotrasambandet 06112014, v/Helge Hopen